

Han som skreiv nasjonalsang på Rognhaugen

Edvard G. Steinsvoll (1872—1944)

Edvard var den yngste av 8 søsken. Han var kjent som dyrlege, skinnfellmakar og litt av ein original i bygda. Han stelte mor si som var pleietrengande i mange år før ho døde. Samtidig dreiv han det vesle småbruket på Rognhaugen. Dette er tema som vi finn att i sangen.

Han skreiv og laga mange dikt. Nokre sette han melodi til. Rognhaugvalsen er eit eksempel på det. Da eine bror hans døydde i 1923 publiserte han diktet "Til en kjær broder" i Romsdals Budstikke.

Brandeinan Allmue har no betalt feste for gravminnet for 10 år framover. (Kr 80,- pr år.) Vi synes at det er på sin plass at vi hugsar på mannen som skreiv den fine "nasjonalsangen" vår.



Vi ynskjer kvarandre ein strålande 17. mai.

Håper alle møter opp til tog fra benken kl 11.00.

Beste helsing Brandeinan redaksjon/TLØ

Rognhaugvalsen

Den lysnende vårtid den spirende eng,
de tusinder fugler de reder sin seng,
i treenes topper i tuer på myr,
i fjelltindens rifter de myldrer og kryr.

Den syttende mai er grunnlovens dag,
for folket i Norge av alle de slag.
I kraftige taler, i sang og musikk,
det eldgamle Norge står fram for vårt blikk.

Vi mindedes Eidsvoll og ser på vårt flagg,
med voksende iver for heimlandets sak,
et rungende hurra for folket her nord,
som pløyer og horver vår fedrene jord.

I elven er ørret, i skogen er vilt,
På haugen står heggen og blomstrer så gilldt,
ved sjøen ligg båten med årene i,
der driver man havet seilassen er fri.

Med børtre på skulderen til seters vi drog,
på Ufsalens beiter buskapen jog.
Den vakre Kristine og Søren smågutt,
sang "sønner av Norge", før dagen var slutt.

Den driftige bonde med kveget på bås,
de bugnende stabbur med døren i lås.
De høyfylte lader, de vedfylte skjul,
den fjellvante gutten som blåste i lur.

Den hjemlige stue hvor gamlemor går
i kakelovnskroken med grånende hår.
Hvor kan du vel glemme vår bamdoms bedrift,
som risset seg inn i vår tale og skrift.

Edvard G. Steinsvoll



Brandænan Blad

Nr 6. mai 2015

70 år med fred!



Bildet er fra 17. mai 1945. Da toget gjekk rundt bygda. Brua i Osen kom nokre år seinare så det var nok runden om Skulbrua via Siramoen dei gjekk. Her er toget på veg opp forbi Engelskhuset. (DigitaltMuseum.no)

Eresfjordingane feira freden i mai 1945 med eit stort 17. maitog der store og små gjekk rundt bygda.

Mange har personlege minne frå festdagane i mai 1945. I denne utgåva av Brandeinan Blad har vi funne fram nokre bilde som syner glade barn og vaksne som feirar. Kanskje dette vil friske opp minna for dei som var med og for oss andre kan det vere ei påminning om kor heldige me er som får bu i eit land med fred og fridom.

Kanskje særleg når vi ser alle som må flykte på grunn av brutale styresmakter i heimlandet sitt.



Bildet er tatt i Haugbrekka. Karane har møtt opp for å levere inn radioapparat. Dette var etter streng ordre frå okkupasjonsmakta.

Fotografen er Torbjørn Frisvoll

Det var forbudt å lytte på radio under krigen


Alt den 7. mai gjekk ryktet om at Tyskarane hadde kapitulert og det var fred i landet. Dei tyske styrkane la ned våpna utan kamp den 8. mai 1945. Bersvein Leirvoll var i Molde dette døgnet og fortalte seinare at han gjekk ned Strandgata og der

var det plassert radioapparat i opne vindu og sendingane om freden runga ut i gatene. Ganske spesielt når vi veit at det hadde vore strengt forbudt å ha radio og lytte til radio-sendingar medan krigen varte.



17. maitoget 1945

Toget på veg fra Sira kyrkje og ned Siramoen. Så over Syltebøbrua ved Grytosen. Det blir fortalt at dei sang og ropa hurra!



Nokon som hugsar?

Det hadde vore interessant med meir opplysningar om korleis dei feira 17. mai i 1945. For eksempel kven det var som gjekk først i toget med det store flagget.

Fredsmaleriet i ungdomshuset Skogly



Eira ungdomslag la ned den offisielle drifta da krigen braut ut. I følge møteprotokollen "på grunn av mangel på ved".

Men den 8. mai da freden kom, var det fest i Skogly på nytt og huset vart igjen samlingsplass for ungdommen. I dagane fram til 17. mai vart dette maleriet laga og hengt opp over scena. Det blir sagt at det var Aslak Kavli, Nils Solhjell og Jostein J. Øverås som laga det. Kanskje fleire var med og?

Det var ikkje dans i Skogly 17. mai 1945, men ungdommen dro med buss til Bergtun der det var stor fest.

Sykelbygda Eresfjord

Brandeingane støttar opp om tiltaket med å pynte bygda med sykklar. Rosen skal gå til Marit som er den kreative igangsettaren.

Til no er ca 30 sykklar innsamla og klargjorte for lakkering. Ein ungdommeleg dugnadsgjeng spyla og skrubba med liv og lyst!



Julestemning i klatre/sauefjøs

Klatreveggen i saufjøs



Magda og Markus, dei yngste i grenda, kosar seg i høyet.

